

Berekraftig organisering av kulturarvsarbeidet i Åmli kommune

Mest om Elvarheim museum – litt om hatten til Jonas Alaska

Knut Markhus



Innhald:

Intro	s. 3
UTGANGSPUNKTET OG DAGENS SITUASJON	s. 4
Om utgreiinga – bakgrunn, mandat, metode	s. 4
Etablering og utvikling av Elvarheim museum	s. 6
Dagens bilete av Åmli sin kulturarv	s. 7
Dagens organisering av Elvarheim museum	s. 9
Verdivurdering av Elvarheim museum	s. 13
NY OG BEREKRAFTIG ORGANISERING OG RETNING	s. 16
Utvida bruk av Elvarheim - potensialet som besøks- og visningssenter	s. 16
Ny organisering av Elvarheim museum	s. 19
Justert retning for arbeidet med kulturarven i Åmli	s. 26
Oppsummering	s. 28
KJELDER OG INFORMASJON	s. 29

Framsidaillustrasjon: Eitt av Ragnvald Einbu sine måleri i festsalen i Elvarheim.

Alle foto i rapporten: Knut Markhus

Intro

Den første eg møtte då eg møtte opp i Åmli rådhus etter å ha fått oppdraget, var Kateryna frå Ukraina som står i resepsjonen. Det var fint, i ein kommune som i mottoet seier «Bygda for alle» og der eg lærer at samfunnet er ganske mangfaldig. Bunaden er høgt verdsett, og på 17. mai fargar han toget saman med festplagg frå Myanmar, for det er svært mange karenarar i Åmli. Folk er glad i friluftsliv, nokre driv folkedans, truleg endå fleire spelar volleyball, nesten alle er på Netflix. Taco-fredag står sterkt, men folk nemner ikkje taco som sentralt blant mattradisjonane i Åmli. Då tenkjer ein meir på graut og flatbrød og steikt flest og duppe, som ein kan lesa om i «Mat og tradisjonar i Åmli», ei av dei mange gode bøkene til Åmli boknemnd. Folk verkar over snittet opptekne av skog, jakt, bever. Mange er stolte av forfattaren Engvald Bakkan, men kanskje er det likevel fleire som i det daglege knyter seg til trubaduren Jonas Alaska.

I første av fleire besøk i Elvarheim museum fann eg Engvald Bakkan fint presentert, og endå grundigare fangstmannen og samlaren Aslak Harstveit og bjørneskyttaren Olav Tverrstøyl. Utstillinga «Mangfald og mote» stod fram som ei perle i publikumstilbodet, og beverutstillinga var både lekker og lærerik og heilt sikkert eventyrleg for utforskande born. Det er eit fint museum, det ser ein om ein gir det sjansen. Likevel tenkte eg då museumsstyrar Lise Lotte låste døra etter oss: Kor var dei karenske bidraga, og kor var hatten til Jonas Alaska?

Men var det ein litt forhasta tanke det der, tenkte eg etter neste besøk, då eg gjekk rundt eit par timar for meg sjølv og såg grundigare etter. Når ein kjem utanfrå slik, med ope blikk men likevel med eigne preferansar, kan ein koma til å hoppa raskt på konklusjonar. Ikkje minst etter tredje besøket, då eg var saman med draktgruppa til historielaget, var det lettare å leva seg inn i prioriteringane. Lidenskapleg og fagleg engasjement for å ta vare på lokale tradisjonar og langleva kulturarv må få lov å prega eit lokalt museum. Det er viktig kunnskapsformidling. Likevel har utanfråblikket det med å leita etter også dei andre historiene. Så eg tenkte etter tredje besøket, sjølv om det nesten kjendest litt respektlaust etter det sterke møtet med draktgruppa: Kva med den lange og tydelege volleyballtradisjonen? Ville ikkje også den høyra med i ei meir komplett forteljing om kva Åmli er for noko?

Museum og kulturarvsarbeid handlar både om fortid og notid. Det er naturleg at den lange historia utgjør det største volumet, men det er heilt avgjerande at innhaldet er noko folk kan relatera seg til – gjestene på Åmli Bakeri og Kafé, volleyballspelarane, ungdomslagsdansarane, førsteklassingane, konfirmantane, nye innbyggjarar frå fjerne strok, og dei som har vore her i generasjonar. For museum og kulturarvsarbeid skal ikkje vera i si eiga boble, på sida av samfunnet. Slik verksemd skal vera ein aktiv del av det heile. Det er ikkje for ingenting at den siste museumsmeldinga til staten heiter «Musea i samfunnet», og det er å merka seg at den nye internasjonale museumsdefinisjonen legg vekt på deltaking frå lokalsamfunnet, og at eit museum skal tilby så ålmenne gode som «varierte opplevingar for utdanning, glede, refleksjon og kunnskapsdeling.»

Ut frå dette kan ein tenka at kulturarvsarbeidet i Åmli – og Elvarheim museum – er noko viktig.



UTGANGSPUNKTET OG DAGENS SITUASJON

Ein nyttig start er å ha eit felles utgangspunkt for kva eit museum i dag er meint å vera. Her er den internasjonale museumsdefinisjonen som gjeld for både store og små norske museum:

Eit museum er ein ikkje-profitbasert permanent institusjon i samfunnet si teneste, som forskar på, samlar, konserverer, fortolkar og formidlar materiell og immateriell natur- og kulturarv. Musea er opne for publikum, tilgjengelege og inkluderande, og fremjar mangfald og berekraft. Dei opererer og kommuniserer etisk og profesjonelt, legg til rette for brei deltaking frå samfunnet og tilbyr varierte opplevingar for utdanning, glede, refleksjon og deling av kunnskap.

Om utgreiinga – bakgrunn, mandat, metode

Denne rapporten er utarbeidd på oppdrag frå Åmli kommune med mål om å vurdere organiseringa av kulturarvsarbeidet, med særleg vekt på Elvarheim museum. Bakgrunnen for arbeidet er eit opplevd behov for ei meir avklart og berekraftig ramme rundt museet si drift og utvikling, og samtidig eit ønske om å sjå dette i ein større samanheng. Saksutgreiinga til kommunestyresaka «Elvarheim museum - ekstern utredning» (saknr. 25/66) som bestiller rapporten, peikar på manglar ved avtalen som regulerer samarbeidet mellom Aust-Agder museum og arkiv (AAMA) og Åmli kommune om drifta av Elvarheim museum:

Avtalen er uklar og uryddig ift. rolle- og ansvarsfordeling mellom de ulike aktører i avtalen. Dels uklar og uryddig ift. rolle- og ansvarsfordeling mellom museumsstyrer og museumsnemnd lokalt i Åmli. Dels uklar og uryddig ift. rolle- og ansvarsfordeling mellom AAMA og Åmli kommune. At avtalen er uklar og uryddig skaper en uryddig organisering av museet og danner grunnlag for konflikter. Samtidig er det en barriere for både drift og fremdrift av museet. Dagens situasjon er ikke bærekraftig for noen av aktørene i avtalen.

Mandatet for arbeidet er å frå ein ekstern ståstad greia ut og koma med framlegg til ein tenkeleg struktur som kan bidra til å styrka, fremja og samla arbeidet med kulturarven i Åmli, der Elvarheim er den primære arenaen. Ein skal også sjå arbeidet i ein større samanheng, der Åmli bygdetun og Koppåsna kulturminne er aktørar, og der kulturarven i Åmli generelt står sentralt. Utgreiinga skal føreslå ein retning for det vidare arbeidet med kulturarven. Det ligg også inne bestilling om å koma med ei samfunnsmessig verdivurdering av Elvarheim museum, og å sjå på utvida bruk av Elvarheim og potensialet som besøks- og visningssenter – slik at dette ligg inne som eigne kapittel.

Utgreiingsarbeidet byggjer på fleire typar kunnskapsgrunnlag. Avtalar og ulik historisk dokumentasjon knytt til Elvarheim er sentralt, og det har òg vore nyttig å sjå til tilsvarande hjå andre museum. Det er gjort gjennomgang av museumsplanen for Åmli kommune (2004–2008), kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø (2020–2024) og plan- og styringsdokument for både fylkeskommune og stat. I tillegg er det gjennomført

samtalar med representantar frå ulike lag og organisasjonar i kommunen, inkludert kommuneadministrasjon og politisk nivå. Frå utsida av kommunen har det vore dialog med mellom andre Agder fylkeskommune, Norges Museumsforbund og relevante museumsmiljø. Dei som har vore mest involvert, med samtalar i fleire rundar, har vore museumsnemnda for Elvarheim museum, AAMA (Setesdalsmuseet og AAMA sentralt) og den kommunale museumsleiinga ved museumsstyraren. Alt har for det meste vore ein-til-ein-samtalar, anten fysisk eller på telefon.

Vidare er det gjennomført ei spørjeundersøking blant medlemmene i kommunestyret. 13 av 19 representantar svara, og leverer eit innblikk i politiske vurderingar og prioriteringar knytt til Elvarheim og kulturarvsarbeidet.

I rapporten brukast oftast ordet *informant* om dei som har uttala seg, sjølv om dei har ulike roller og også kan ha kome med meningsytringar i tillegg til kunnskap. Er alle einige? Det er dei ikkje – og heldigvis for det. Her møtest kjensler, oppleving av eigarskap og ansvar, kalde vurderingar og spenstige ambisjonar, ofte i motstrid med kvarandre. Det finst ikkje ei samla forståing av kva som er hovudproblemet eller kor stort problemet er, kva som er potensialet og kor stort potensialet er, og heller ikkje kva retning ein bør gå. Rapporten legg seg på ei diplomatisk linje, og framstiller ikkje dei sterkaste motsetnadene for open scene. Det har den risiko at nokre kan oppleve at deira sak ikkje kjem fram – men det er gjort i beste hensikt, der målet er å koma fram til noko alle kan sjå som gode løysingar.

Utgangspunktet i museet er fangstmann Aslak Harstveit si samling av utstoppa dyr, fangstreiskapar og knivar.



Eablering og utvikling av Elvarheim museum

Museet held til i det gamle samfunnshuset Elvarheim frå 1925, som ligg fint til på vestbreidda av Nidelva i Åmli sentrum. Bygningen har gjennom over 100 år vore ei viktig storstove for bygda, og har mellom anna hatt funksjonar som forsamlingslokale, kino, bibliotek, skule og kommunestyresal – før tanken om museum melde seg på 1980-talet.

I 1988 inngjekk Åmli kommune ein avtale med Aslak Harstveit om kjøp av samlinga hans av utstoppa dyr og fuglar, fangstreiskapar og knivar. Dette blei den konkrete opptakten til museumsetableringa, som den kommunalt oppnemnde museums- og arkivnemnda var pådrivar for.

Museet opna i 1991 med ei permanent utstilling konsentrert om jakt og fangst, basert på Harstveit-samlinga. I åra etter vart det utvikla fleire utstillingar, mellom anna knytt til bjørneskyttaren Olav Tverrøstøl, naturhistoriske tema som fugl og bever, og handverkstradisjonar gjennom rekonstruksjon av felemakarverkstad. Knivutstillinga, som spring ut av Harstveit-samlinga, har vore ein viktig del av museet sin profil og har saman med anna innhald gitt museet ein tematisk identitet knytt til jaktkultur, handverk og bruk av naturressursar. Museumsnemnda, som blei nemninga, hadde ei vesentleg rolle i museumsarbeidet heilt frå starten, slik det framleis er.

Museumsplanen frå 2004 er oppteken av at kunnskap skal vera kjerne i museumsarbeidet, og understrekar at Elvarheim ikkje berre skal vera eit utstillingsrom, men eit dokumentasjonssenter som gir oversikt over kulturarven i kommunen. Dette inneber ei forståing av museet som ein inngang til eit større landskap av kulturminne, ikkje som ein isolert institusjon. Kulturstien til Trogfjell er døme på korleis museet får ei forlenging ut i

landskapet. Elvarheim er likevel kjernen, med permanente utstillingar som basis men med skiftande utstillingar attåt, ikkje minst dei faste sommarutstillingane. Arrangement, anten i regi museet eller andre, har jamt vore ein viktig aktivitet, med kulturkveldane som høgdepunkt.

Særleg arbeidet med draktutstillinga «Mangfald og mote», har ført museet vidare frå å vera eit samlingsbasert museum til også å bli ein arena for aktivt kunnskapsarbeid. Draktutstillinga har blitt utvikla av draktgruppa til Åmli historielag, og viser korleis frivillig og akademisk arbeid kan kombinerast. Særleg i dette utstillingsarbeidet har sterk lokal kompetanse gått i lag med ekstern kompetanse frå museums- og forskingsmiljø, men dette har også vore tilfelle i andre utstillingsprosjekt.

Etter avtale gjort i 2008, blei Elvarheim i 2009 innlemma i det større museumsfellesskapet Aust-Agder kulturhistoriske senter (AAks), som seinare tok namnet Aust-Agder museum og arkiv (AAMA). Dette kom som ein følge av den nasjonale museumsreforma, og hadde som mål å gje Elvarheim betre tilgang til fagressursar og forvaltningskompetanse.

Avtalen mellom AAks og Åmli kommune blei i 2016 erstatta av ein ny avtale mellom AAMA og Åmli kommune, og no vart det faglege ansvaret for Elvarheim museum overført frå Kuben i Arendal til Setesdalsmuseet. I kommunestyremøtet som vedtok denne nye avtalen, blei det også vedteke ein eigen instruks for museumsnemnda for Elvarheim. Me skal koma tilbake til desse ulike avtalane.



Dagens bilete av Åmli sin kulturarv

Det vil vera nyttig å sjå Elvarheim i samanheng med det breiare kulturarvs-biletet i Åmli, og samtidig er det på sin plass å utfordra dette tradisjonelle kulturarvsbiletet. Orda *kulturminne* og *kulturarv* har tradisjonelt vore nært knytte til det historiske, og omgrepa blir ofte brukte om kvarandre. Det er likevel nyansar som skil dei. Eit minne peikar gjerne tilbake på noko som har vore, og som me framleis tar vare på. Ein arv har også normalt ei kopling til fortida, men handlar òg om noko som blir ført vidare og tatt i bruk i notid og framtid. Me kan ta over ein arv før den me arvar frå er borte, og føra arven vidare i nye former. I nyare kulturforvaltning har det òg vore ei dreining vekk frå omgrepet kulturminne, til fordel for kulturmiljø, som i større grad legg vekt på samanhengar, heilskap og bruk.

Forståinga av kva kulturarv er, har òg blitt mykje breiare. Kulturarv handlar ikkje lenger berre om bygningar, gjenstandar og synlege spor frå fortida, men også om immaterielle uttrykk som språk, praksisar, tradisjonar og sosiale fellesskap. Når ungdom har uttalt seg i arbeidet med utgreiinga, kjem det fram interessante tankar. «På fritida gjer me vel eigentleg det same som generasjonane før oss, berre i nye former. Me finn på gap og moro, anten me møtest ute eller på skjerm.» Og denne er endå meir konkret: «Eg trur ein stor del av gutane i femte og sjette klasse skru på motor.» Det å skru på motor er etter alle kriterium ei form for immateriell kulturarv.

I dag er det ein tendens til at kulturarv i større grad blir knytt til identitet, tilhøyrslø og kvardagsliv, og ikkje berre til det som tradisjonelt har blitt rekna som verneverdig. Det er syn for at kulturarv er samansett, i stadig endring og prega av møte mellom ulike erfaringar og praksisar. Illustrerande er det at stortingsmeldinga «Leve med kulturminner» (2004-2005) seier: «I tillegg

til å ta vare på norsk kulturarv handler kulturminneforvaltning i det flerkulturelle Norge om å dokumentere, formidle og ta vare på kulturarv med tilknytning til samene som urfolk, de fem nasjonale minoritetene – jødene, kvenene, rom, romanifolket og skogfinnene – og de nyere minoritetsgruppene – de siste 35 årenes innvandrere». Når me kjem til stortingsmeldinga «Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken» (2012-2013) har det skjedd ei vesentleg endring i ordlyden, for då brukar ein ikkje lenger formuleringa «i tillegg til norsk kulturarv» om bidraga frå mellom andre innvandarane. Overført til Åmli kan spørsmålet bli: Er kulturarven karenarane har tatt med seg til Åmli eit tillegg til Åmli sin kulturarv – eller er det ein del av Åmli sin kulturarv? Om ein tenker at desse innbyggjarane er fullverdige medlemer i samfunnet, noko ein sjølv sagt skal gjera, er det logisk å sei at deira kulturuttrykk legg seg til det andre i Åmli sin kulturarv, og gjer denne arven rikare.

Dette er ikkje sagt for å ta ned verdien av det som tradisjonelt blir oppfatta som Åmli sin kulturarv. Det vil vera ei hovudoppgåve for både museum og kulturarvsarbeid elles å fortelja om kva som har bygt Åmli over tid, og ta vare på både dei fysiske og immaterielle vitnemåla om dette. Her ligg også eit stort potensial for formidling og verdiskaping, og her kan finnast sterkt engasjement og djup eigarkjensle. Eit døme: Åmli har ein verdfull folke-musikktradisjon, men denne kan lett hamna i skuggen av den nasjonalt framheva folkemusikktradisjonen i Setesdal. Det kan vera som ei lokal kampsak å løfta seg ut av denne skuggen.

Vender me blikket mot kulturminneplanen og museumsplanen til Åmli, har desse solid fokus på kulturarv og kulturminne som representerer dei lange historiske linjene i kommunen. Av tilrettelagde anlegg blir, i tillegg til



Koppsåna kulturminne og Åmli bygdetun.

Elvarheim, Koppsåna kulturminne og Åmli bygdetun trekt fram. Desse representerer ulike sider av Åmli. Koppsåna formidlar historia om skogbruk, tømmerfløyting og sagbruksdrift knytt til Baas-saga. Bygdetunet tar vare på og formidlar historie knytt til husmannsplassen Grånheia i Åmli sentrum.

Men det er svært mykje meir. Kulturminneplanen for Åmli er eit viktig verdidokument for kulturarvsarbeidet i kommunen. Planen presenterer eit omfattande utval kulturminne og kulturmiljø, slik at Åmli står fram som sterkt utstyrt med slike verdier. Likevel gir ikkje planen eit fullt heilskapleg bilete. Immateriell kulturarv er lite omtalt, og nyare kulturmiljø og kulturuttrykk er svakt representerte.

Dette peikar mot behovet for ei oppdatert og breiare forståing av kulturarv i Åmli, der også nyare kulturminne og bruksmiljø blir inkluderte. Volleyballhelten Jetmund Berntsen fekk kulturprisen i 2020, men den sterke og tradisjonsrike volleyballkulturen er ikkje nemnt verken i kulturminneplanen eller museumsplanen – og ser ikkje ut til å ha fått vesentleg merksemd i Elvarheim museum. Den samla, offisielle framstillinga av Åmli sin kulturarv har enn så lenge heller ikkje med i rekninga den store verdien som ligg i dei kulturelle bidraga frå tilflyttarane, anten dei kjem frå Myanmar, Ukraina eller andre stork i Noreg. Det vil vera eit positivt trekk for Åmli å teikna eit breiare bilete av kulturarven.

Dagens organisering av Elvarheim museum

Kommunestyrevedtaket som bestiller utgreiingsarbeidet er kritisk til dagens organisering av Elvarheim museum, eller i alle høve til avtalen mellom samarbeidspartane. I spørjeundersøkinga til kommunestyrepolitikarane svarar likevel berre 3 av 13 «ja» på spørsmålet: «Ser du behov for endringar i organiseringa av Elvarheim museum?» 1 svarar «nei», mens det store fleirtalet på 9 svarar «veit ikkje». Kanskje er spørsmålet rikeleg direkte, for ein kan ikkje forventa at dei folkevalde har full innsikt i organiseringa av museet og korleis dette fungerer. Det kan trengast meir informasjon om situasjonen. Samtalane med informantar elles støttar dette. Dei som er tettast inni arbeidet uttrykker i ganske stor grad frustrasjon over at vesentlege delar av samarbeidet ikkje heng godt saman, andre anar at det er vanskar, mens mange ikkje har eit forhold til dette. Stundom kjem det fram ei mild misnøye med AAma, ved at ein har større forventingar til deira rolle enn det ein opplever at AAma leverer.

Det kan vera nyttig å gå noko detaljert inn på kva som er dagens opplegg, og sjå etter kva som kan vera svakheiter. Eit gjennomgåande trekk i materialet frå utgreiingsarbeidet er at ansvar og styring ikkje alltid verkar samla på same stad. Fleire peikar på at dette kan skapa uklarheit kring både myndigheit, prioriteringar og den daglege leiinga av museet.

Elvarheim museum er organisert som eit avtalebasert samarbeid mellom AAma og Åmli kommune. Gjeldande avtale er frå 2016 og fastset dei ulike forpliktingane og rollene for dei to partane.

AAma sine forpliktingar står oppført slik:

Aust-Agder museum og arkiv skal vidareføre og vidareutvikle Elvarheim Museums arbeid med dokumentasjon og formidling av Åmlis kulturhistorie saman med lokalmiljøet og museumsstyrar ved Elvarheim Museum.

Aust-Agder museum og arkiv skal i samarbeid med museumsstyrar og museumsnemnd ved Elvarheim museum utarbeide strategi- og verksemdsplan som skal tydeleggjere behov og prioriterte tiltak. Desse planane skal integrerast i planverket til AAma.

Aust-Agder museum og arkiv overtar det faglege ansvaret for all verksemd knytt til drift og forvaltning av Elvarheim Museums samlingar. Det omfattar generelle museumsfaglege oppgåver som sikring, registrering, magasinering og vedlikehald av samlingane. I tillegg skal AAma ha eit overordna fagleg ansvar for eventuell utviding av samlingane, oppgradering av utstillingar og andre faglege tenester i samarbeid med museumsstyrar og den lokale museumsnemda.

Omfanget på arbeid og tenester AAma skal bidra med, skal ta omsyn til dei ressursar Åmli kommune og Elvarheim Museum bringer med inn i samarbeidet. Dette vil bli synleggjort i planverk og budsjett/rekneskap. Midlar øyremerka Elvarheim Museum skal nyttast til beste for Elvarheim Museum.

Åmli kommune sine forpliktingar står oppført slik:

Halde ein 20%-stilling som museumsstyrar på Elvarheim Museum. Denne stillinga inngår i stillinga som kulturrådgivar. Åmli kommune beheld alle forpliktingar knytt til arbeidsgjevaransvar. AAma har full instruksjonsmynde over dei 20% knytt til Elvarheim*

Museum. Lønn og andre forpliktingar knytt til arbeidsgjevaransvar blir belasta Åmli kommunes budsjett, deriblant reisekostnader.

Oppretthalde lokal museumsnemnd for Elvarheim Museum. Museumsnemnda skal samarbeide med museumsstyrar om utarbeiding av strategi- og verksemdsplanar og budsjett, og skal vere orientert om rekneskap, årsplanar og besøksstatistikk. Museumsnemnda skal vere ein ressurs i forhold til formidling, og medverke til lokale arrangement som museumsdagar og andre aktivitetar. Museumsnemnda skal også medverke til lokale produksjonar og dokumentasjon i samarbeid med museumsstyrar.

Museumsstyrar ved Elvarheim Museum er bindeleddet mellom lokal nemnd og AAma. Museumsstyrar skal i samarbeid med AAma og museumsnemnda utarbeide verksemdsplan, budsjett, årsplanar og besøksstatistikk. Museumsstyrar har også ansvaret for den daglege drifta ved museet, inkludert informasjon og marknadsføring, innkjøp, tilsetting og opplæring av omvisarar, fagleg oppdatering og utarbeiding og gjennomføring av pedagogiske opplegg i samarbeid med AAma og museumsnemnda. Museumsstyrar skal også vere oppdatert gjennom rekneskapsrapportar.

* Seinare er museumsstyrarstillinga blitt auka frå 20% til 30%.

I kommunestyremøtet som vedtok denne avtalen, blei det også vedteke ein instruks for museumsnemnda. Her står det at føremålet med nemnda er å vera ein ressurs for Elvarheim museum. Nemnda skal ivareta og bygga opp om lokal kompetanse, dokumentasjon og formidling i samarbeid

med museumsstyrar. Instruksen viser til den rollefordelinga som er gjort i samarbeidsavtalen:

Aust-Agder museum og arkiv har det faglege ansvaret for drift og forvaltning av Elvarheim museum sine samlingar, inkludert oppgåver som sikring, registrering, magasinering og vedlikehald av samlingane. AAma har også det overordna faglege ansvaret for eventuell utviding av samlingane, oppgradering av utstillingar og andre faglege tenester i samarbeid med museumsstyrar og den lokale museumsnemnda.

Museumsstyrar utgjer 20% av stillinga som kulturrågivar i Åmli kommune, og er fagleg underlagt Aust-Agder museum og arkiv. Museumsstyrar har ansvaret for den daglege drifta ved museet, og skal vere eit bindeledd mellom AAma og museumsnemnda. Museumsstyrar skal utarbeide verksemdsplan, budsjett, årsplanar og besøksstatistikk i samarbeid med AAma og museumsnemnda. Museumsstyrar har også ansvar for informasjon og marknadsføring, innkjøp, tilsetting og opplæring av omvisarar, fagleg oppdatering og utarbeiding og gjennomføring av pedagogiske opplegg i samarbeid med AAma og museumsnemnda.

Museumsnemnda skal samarbeide med museumsstyrar om utarbeiding av strategi- og verksemdsplanar og budsjett, og skal vere orientert om rekneskap, årsplanar og besøksstatistikk. Museumsnemnda skal vere ein ressurs i forhold til formidling, og medverke til lokale arrangement som museumsdagar og andre aktivitetar. Museumsnemnda skal også medverke til lokale produksjonar og dokumentasjon i samarbeid med museumsstyrar.


Oppsummert er det tre hovudaktørar involverte i drifta av Elvarheim museum: museumsstyrar (tilsett i Åmli kommune), museumsnemnd og AAm som i denne avtalen legg si rolle til Setesdalsmuseet.

I oppdragsomtalen for rapportarbeidet viser Åmli kommune til at avtalen mellom kommunen og AAm frå 2016 blir opplevd som uklar og lite ryddig når det gjeld rolle- og ansvarsdeling mellom dei ulike aktørane. Dette gjeld både forholdet mellom museumsstyrar og museumsnemnd lokalt i Åmli, og forholdet mellom AAm og Åmli kommune.

Det konsoliderte museet AAm er sett saman av Kuben museum og arkiv, Grimstad bys museum og Setesdalsmuseet, med underavdelingar/museum. I tillegg kjem dei to som blir nemnde som tilknytte museum: Eydehavn Museet og Elvarheim museum.

Det er altså to museum her som har liknande tilknytning til AAm, og då er det nærliggande å samanlikna desse med kvarandre. Utgreiingsarbeidet finn at samarbeid og struktur opplevst som meir velfungerande i Eydehavn Museet enn i Elvarheim museum. Det som blir omtala som uklar rolledeling og utydelege ansvarslinjer i Elvarheim, har falle godt på plass i Eydehavn.

Avtaleverket mellom Arendal kommune og AAm om Eydehavn Museet er ikkje svært ulikt det me har for oss om Elvarheim museum. Men på eitt vesentleg punkt skil desse seg frå kvarandre: Ved Eydehavn Museet er museumsstyraren tilsett i AAm og ikkje i kommunen. Styraren ved Eydehavn Museet er dermed heilt og fullt ein del av AAm sin stab og faglege fellesskap.



AAm sin organisasjonsmodell. Kjelde: Arkiv- og museumsstrukturen i Agder.

Når ein for Elvarheim museum har valt at museumsstyraren skal vera tilsett i kommunen, kjem denne i ein annan posisjon enn kollegaen på Eydehavn Museet. Elvarheim-styraren står formelt og organisatorisk utanfor AAm, sjølv om avtalen seier at AAm har fullt instruksjonsmynde over stillinga. Me har dermed ein museumsstyrar som har to ulike overordna i to ulike organisasjonar. Som tilsett i kommuneadministrasjonen er styraren underlagt sine leiarar der, og er samtidig fagleg underordna sine leiarar i AAm. Det er lett å sjå for seg at dette også kan skapa ulike forventingar til rolle og prioriteringar. Ein må anta at dei som jobbar i museum er

glødande interesserte i museum, slik at Elvarheim-styraren i denne leiren vil oppleve å få museumsfagleg baserte instruksjonar. Ein kan ikkje rekna med at ein museumsleiar har den same museumsfaglege ryggdekninga i ein kommuneadministrasjon som i eit profesjonelt museum. Det som kompliserer rolla endå meir, er at museumsnemnda i praksis også ser ut til å ha ei styrande rolle overfor museumsstyraren. Då kan rolla som museumsstyrar i Elvarheim museum bli krevjande å stå i.

Det melder seg eit naturleg spørsmål: Kven har egentleg det endelege ansvaret i Elvarheim museum?

Avtalen er tydeleg på at det er AAma som har hovudansvaret for museumsdrifta. Når det står «Aust-Agder museum og arkiv overtar det faglege ansvaret for all verksemd knytt til drift og forvaltning av Elvarheim Museums samlingar», må ein leggja til grunn at AAma også har den styringsretten som krevst for at museet kan utøva ansvaret. Samtidig tyder innspela i utgreiingsarbeidet på at det finst ulike oppfatningar av kvar styrings- og avgjerdansvaret i museet ligg.

Museumsnemnda til Elvarheim museum er tydeleg ein svært viktig ressurs med stor fagkunnskap, lokalkunnskap og eigarkjensle. Gjennom mange år har medlemene lagt ned betydeleg arbeid for museet, både praktisk, fagleg og organisatorisk. Kva hadde Elvarheim museum vore utan museumsnemnda? kan ein spørja. Svaret ville gje nemnda betydeleg anerkjenning. Fleire informantar peikar på at Elvarheim ikkje ville hatt same aktivitet, kvalitet eller kontinuitet utan innsatsen frå museumsnemnda. Samtidig står nemnda sentralt i det som må kunna kallast ein floke, og det er ikkje første gong det blir peika på utfordringar i samarbeidet. «Dagens situasjon er ikke bærekraftig for noen av aktørene i avtalen», seier

kommunestyresaka til utgreiingsarbeidet – og utgreiingsarbeidet har funne at ein slik uttale kunne ha falle på ulike tidspunkt opp gjennom åra.

I museumsplanen 2004-2008 står det at museumsnemnda er styre for Elvarheim museum og høyringsorgan i saker som vedkjem det museale feltet. I samarbeidsavtalane 2008 og 2016 har nemnda ei viktig rolle, sjølv om det ikkje står noko om at nemnda er styre. I siste avtalen står: «Museumsnemnda skal samarbeide med museumsstyrar om utarbeiding av strategi- og verksemdsplanar og budsjett, og skal vere orientert om rekneskap, årsplanar og besøksstatistikk.» Nemnda skal altså vera orientert, men det står ikkje at nemnda skal ha vedtaksmynde. Samtidig blir museumsstyraren omtalt som sekretær for museumsnemnda. I praksis ser nemnda ut til å ha ei rolle som går lenger enn det avtalen skildrar.

I avtalen er museumsnemnda sett til å også ha ein aktivitetsbasert funksjon: «Museumsnemnda skal vere ein ressurs i forhold til formidling, og medverke til lokale arrangement som museumsdagar og andre aktiviteter. Museumsnemnda skal også medverke til lokale produksjonar og dokumentasjon i samarbeid med museumsstyrar.» Dette har preg av typisk frivillig museumsarbeid, slik ein ofte finn i venneforeiningar for museum. Samtidig kan kombinasjonen av kommunalt oppnemnd organ og omfattande frivillig arbeid skapa uklare grenser mellom rådgiving, drift og praktisk museumsarbeid.

AAma har tatt på seg stort ansvar gjennom avtalen, og har ei utfordring med å innfri. Avtalen følgjer opp intensjonane i den statlege og regionale museumspolitikken, som legg vekt på samarbeid og konsolidering, å utvikla fagleg sterke museum og dyrka samspel mellom profesjonelle institusjonar og frivillig sektor. Det blir likevel vanskeleg når kart og terreng ikkje stemmer. For det eine er det ikkje stilt nok ressursar til rådvelde for



AAma, og for det andre ligg det hindringar i samarbeidsstrukturane. Mykje tid og energi ser ut til å gå med til å handtera uklarheiter og samarbeidsutfordringar. Det er alt i alt vanskeleg for AAma å utvikla Elvarheim fullt ut i tråd med dei museumsfaglege ambisjonane som ligg i avtalen og i nasjonale føringar.


Når det seinare kjem to alternative framlegg til ny organisering av Elvarheim museum, vil begge ha inne at Åmli kommune trekker seg meir unna den daglege drifta av museet. I tillegg til forhold som er nemnt over, er det eit anna og viktig prinsipp som motiverer til ei slik endring: armlengds avstand-prinsippet. For Elvarheim ligg det i museet si historie at kommunen, også politisk, er tett på. I dei politiske sakspapira rundt etableringa av

museet i 1991 ser me at spørsmål om museumsinnhald blei politisk behandla og avgjorde. I dag står prinsippet om armlengds avstand sterkare i museumssektoren. Det inneber at politisk nivå bør halda ein avstand til dei museumsfaglege vala og den operative museumsdrifta. Med åra har ein truleg fått ei ryddigare forståing av slike rollegrenser, men ei løysing der kommunen trekkjer seg meir ut av den operative museumsdrifta vil styrkja dette prinsippet ytterlegare.

Verdivurdering av Elvarheim museum

Eit nyttig grunnlag for det som kjem vidare i rapporten, er å ha ei formei-ning om kva verdiar som faktisk ligg i Elvarheim museum. Det handlar både om bygget, samlingane og formidlingsarbeidet, men også om kva rolle museet spelar som identitetsberar og møteplass i Åmli. Ei slik verdivurdering gir eit grunnlag for dei vidare vurderingane i rapporten.

Det viktigaste objektet i Elvarheim museum er kanskje bygget sjølv. Svært mange uttrykker at Elvarheim er eit sentralt hus i Åmli sin identitet, og noko ein har kjær. Det kom til i 1925 etter eit samspel mellom kommunen og Åmli Ungdomslag, og var lenge eit svært aktivt hus. Informantar i utgrei-ningsarbeidet har fortalt om då dei gjekk på framhaldsskule her, eller var på fullstappa kinoforestellingar, kommunale møte, herlege revyar, vanlege bibliotekbesøk. Eit bygg som har hatt så mange roller i folk sitt liv, tar ein gjerne vare på sjølv om dei opphavlege bruksområda fell bort. Då museet opna i 1991, hadde to vesentlege behov møttest: Åmli trengte eit museum – og Elvarheim trengte ein ny funksjon. Så vart bygget ein møteplass i mu-seumssamanheng, parallelt med at andre aktivitetar heldt fram. Ungdomslaget dansar framleis regelmessig i storsalen i tredje etasje, eit rom



*Elvarheim har
mange historier
å fortelja.*

som har ein ekstra verdi gjennom heile si utforming, og særleg med dei samanhengande veggmåleria som med fin pensel fortel Åmli si næringshistorie. Nettopp dette siste er eit viktig poeng: Bygget Elvarheim er ein ypparleg historieforteljar i seg sjølv, gjennom sitt lange og innholdsrike liv.

Då museet tok si form gjennom utstilling etter utstilling, ser det ut til at bygget meir vart ein fasilitet for museumsinnhald enn eit eige

formidlingselement. I noko grad kan det synast som museumsinnhaldet kjempar mot bygget, i staden for å ta utgangspunkt i bygget. Når ein god del utstillingsmateriale er utstoppa dyr og andre naturhistoriske element, vil ein møte problem når lokala ikkje er bygd og innretta for slikt innhald. Det har ein også opplevd, når utstillingar eller utstillingselement har måtta bli tatt ned eller omgjort på grunn av at museumsgjenstandane tar skade av å stå slik dei har gjort. Både beverutstillinga og utstillingane om jakt og fangst ville ha det betre i andre type lokale. Draktutstillinga «Mangfald og mote» ser ut til å vera meir på sin rette plass, men også her vil det vera utfordringar knytt til klimastyring og det ansvaret ein har tatt på seg med å forvalta verdfullt materiale på ein profesjonell måte.

Kor verdfulle samlingane er, kjem an på auga som ser. Det er ikkje den takstbaserte forsikringsverdien me først og fremst snakkar om. Harstveit-samlinga vart kjøpt for 100.000 kroner i 1988, men det er meir vanleg at museet har fått inn gjenstandar i form av donasjonar eller innlån. Den føreliggande informasjonen seier at Åmli historielag eig innhaldet i draktutstillinga, resten av samlinga er museet og dermed kommunen sin eigedom. Og så er det viktig å hugsa på at formidlingsverdien har tyngst vekt. Når museum og kulturminne er prioriterte bombemål i dagens krigar, er det fordi desse fortel området si historie, og det er maktpåliggande å få hand om historieforteljinga.

Elvarheim har ein tydeleg verdi som dokumentasjonsarena for lokal historie. Samlingane knytt til jakt, fangst og natur gir innsikt i levemåtar som har vore grunnleggjande for Åmli. I tillegg kjem tekstil- og draktmaterialet som representerer eit anna kunnskapsfelt, og ein del andre lokale tema. Truleg er det rett å sei at verdien først og fremst ligg i heilskapen, ikkje i enkeltobjekt.

Vidare har museet ein viktig immateriell dimensjon. Arbeidet som er gjort gjennom historielaget og draktgruppa representerer kunnskap, ferdigheter og tradisjonar som ikkje utan vidare kan erstattast. Kulturminneplanen peikar på nettopp slike verdier som sentrale for identitet og tilhørslse.

Me har bygget og me har dei flyttbare samlingane, og desse er ikkje uløysleg knytt i lag. Om ein spør om Elvarheim er rette bygget å ha museum i med det innhaldet det har i dag, er det ikkje opplagt at svaret er ja. I tillegg til dei museumsmessige avgrensingane, er det eit openbert problem at ein er svært langt unna ei universell utforming. Om det er arrangement i øvste høgda må ein gå to trappeløp ned for å koma til toalett, som berre finst i kjellaren. Avgrensingar knytt til funksjonalitet og tilrettelegging for

moderne museumsdrift blei peika på alt i museumsplanen, mellom anna når det gjeld behov for magasin og betre lagringsforhold. «Elvarheim er vakkert, men ikkje praktisk», seier ein av informantane. I ei ideell verd kunne ein argumentera for at det skulle reisast eit nytt museumsbygg, tilpassa føremålet. Dette blir nemnt i museumsplanen og seinare følgt opp gjennom ein moglegheitsstudie - å byggja eit nytt skogtematisk museumsbygg. Det kom ikkje. Kanskje ligg det ikkje til rette for slike store grep, dessutan kjem me tilbake til den store verdien i sjølve Elvarheim. Det at museet held til i dette folkekjære bygget som også er ein identitetsberar, er eit veldig pluss. Sjølv om det finst glimt av motsett syn, er informantane, inkludert dei politiske representantane, trygt i favør av å halda på Elvarheim som museumsarena.



NY OG BEREKRAFTIG ORGANISERING OG RETNING

Før me går vidare til konkrete framlegg om framtidig organisering av Elvarheim museum og vidare retning for kulturarvsarbeidet i Åmli, er det viktig å ha med seg kva potensial som ligg i museet og kulturarven. Korleis ein organiserer Elvarheim bør hengja tett saman med kva rolle museet skal ha, og kva moglegheiter som finst for vidare formidling, bruk og utvikling. Difor kjem først ei vurdering av potensialet som besøks- og visningssenter, før rapporten går vidare til spørsmål om organisering og retning for det vidare arbeidet.

Utvida bruk av Elvarheim - potensialet som besøks- og visningssenter

Elvarheim museum kan utan tvil utviklast der det ligg i dag. Museet er sesongope frå juni til september. Resten av året står bygget i stor grad tomt. Besøksstatistikken frå 2013 til 2025 viser at besøket for det meste ligg på mellom 1000 og 2000 gjester i året. Ein bør kunna ha ambisjonar om meir liv i huset.

Gjennom samtالene med informantane, ser det ut som mange vil samla seg om ei retning for Elvarheim museum der dette er hovudpunkt: auka opningstider/tilgjengelegheit, meir skiftande utstillingar og at det jamt er noko nytt å oppleve, gjera museet til ein meir brukt møteplass, oppgraderte fasilitetar og sikrare tilhøve for samlingane. I spørjeundersøkinga til dei folkevalde blir det peika på at kulturhistoriske arenaer kan bidra til

større aktivitet og tiltrekkingskraft i kommunen, mellom anna gjennom arrangement, opplevingar og formidling.

Mange informantar nemner trongen for oppgradering. Ungdomslaget skulle ønska eit lite kjøken i tredje høgda, Rådet for eldre og funksjonsnedsette ivrar for heis, museumsleiinga ønskjer kontroll på temperatur og luftfuktigheit og at huset er musetett. Steg for steg vil ein gjennom investeringar kunna utvida bruken av Elvarheim. Kommunen er på veg med ein moglegheitsstudie som skal sjå meir på dette, ein moglegheitsstudie om endring og oppgradering av Elvarheim.

Nokre informantar har vore inne på at bygget kunne hatt meir av andre aktivitetar, i tillegg til museum. Kommunen sin frivilligstrategi som er under arbeid, vil kunna få fram meir om kva som er behov og moglegheiter når det gjeld dette. Ungdomslaget er den mest aktive brukaren av Elvarheim i dag utanom museumsverksemda, i tillegg til at turistinformasjonen er ein sidefunksjon til museet. Nokre har ivra for at huset kan vera ein open og tilgjengeleg møteplass for andre lag og organisasjonar. Andre minner om at bygget har fysiske begrensingar som gjer at mange vil velja å bruka andre lokale, som den nye kultursalen som er på veg. Likevel, det kan vera interesse for å ta i mot eit tilbod om å bruka lokale i Elvarheim. Her finst kvalitetar som nye bygg ikkje kan ha på same måten, som særeigen stemning og lang historie. Nokre kan også verdsetja slike spesialitetar som at golvet i storsalen er eit uvanleg godt dansegolv, noko som gjer at ungdomslaget ynskjer å halda til her så lenge det er liv i dansefoten.

Det bør vera mogleg å invitera fleire med. Om ein kan gje museet eit løft, mellom anna gjennom ei ny organisering, ville museumsorganisasjonen vera den naturlege til å handtera ein slik auka bruk. Me snakkar dermed ikkje om å avgrensa museumsaktiviteten, men å auka museumsaktiviteten gjennom å ha fleire med på laget. For eit museum kan ha eit vidt samfunnsoppdrag, der det å vera ein møteplass for lokalsamfunnet har fått auka vekt.

Ofte er lokale museum ein viktig ressurs for barnehagar og skular, det er ikkje sjeldan nemnt som ei av dei viktigaste oppgåvene til eit museum. Denne funksjonen har også Elvarheim museum. Tidlegare var også vasskraftsenteret i kraftstasjonen ein del av eit samla tilbod for oppvekstsektoren, men dette senteret er teke ut av drift. Ein del informantar gir uttrykk for at barnehagane og skulane brukte Elvarheim meir før, og peikar på at litt for mykje av innhaldet er det same, det kunne vore noko meir fornying. Samtidig er skulen i dag meir låst i læringsmål, kompetansekrav og tidsfristar, slik at det krev meir å ta elevane med ut på ekskursjon. Det ligg likevel eit stort potensial her. Ein bør i utgangspunktet argumentera for at museet si rolle i barn og ungdom si danning og utdanning er viktigare enn museet si rolle som reiselivstilbod, sjølv om det siste kanskje oftare blir etterspurt, også blant informantane til denne utgreiinga. Fornyng av utstillingar og andre tilbod vil vera nyttig, men det er kanskje samarbeid som er viktigaste stikkordet for at Elvarheim skal få større viktigheit for barn og ungdom. Det å utvikla eit tilbod som så presist som råd treff i høve læreplanar og læringsmål, kan vera gullopsskrifta. Dette får ein best til i tett samarbeid med lærarane og dei andre som jobbar med planar og innhald i oppvekstsektoren. Eit anna samarbeid går mot andre aktørar Elvarheim kan vera på lag med i denne samfunnstenesta, med Åmli bygdetun og Koppsåna kulturminne som særleg aktuelle. Det ligg eit potensial i at desse tre partane set seg ned og planlegg og kanskje gjennomfører tilbod saman.



I ei sterkare kopling mellom Elvarheim, bygdetunet og Koppåsna, kan tanken gå vidare i retning økomuseum, noko som er nemnt blant informantane. Slike museum legg gjerne stor vekt på lokal deltaking og på samanhengen mellom natur, historie og kvardagsliv. Det er ingen plan om å gjera Elvarheim om til eit definert økomuseum, men ein kan la seg inspirera av tankegangen – det at Elvarheim blir eit sentrum eller knutepunkt for natur- og kulturopplevingar rundt i kommunen, med Åmli bygdetun og Koppåsna kulturminne som tydelege arenaer for kulturarv, og slikt som Trogfjellstigen og via ferrata-anlegget på Trogfjell tilbod innan naturopplevingar.

Med ordlyden *Elvarheim som besøks- og visningssenter* tenker ein ikkje minst på Elvarheim som turistattraksjon. Sjølv om museet byr seg fram for reiselivet, også ved å ha turistinformasjon, kan me ikkje seia at Elvarheim er ein turistmagnet som trekker gjester til bygda. Museet manglar nok ein del som reiselivsprodukt i dag. Nokre av utstillingane er riktig gode og kan trekkja til seg eit publikum som er interesserte i utstillingstemaet, men det er ein veg å gå for at museet skal ha skikkeleg dragkraft i reiselivet. Potensialet for at Elvarheim kan bli eit museum med 5-10 000 besøkande i året, ligg like synleg som bygget gjer attmed Nidelva. Ei mengd små museum får dette til, så kvifor ikkje i Åmli. Dette handlar litt om kva ein vil, korleis ein organiserer innsatsen og kva av ressursar ein set inn i det. Reiselivet sjølv har ofte ei overordna bøn til museum, og det har også Åmli turistforum: «Utvid sesongen og opningstidene.» Ein knipen tilgang på museet reduserer mogleheitene for å koma i tettare samspel med reiselivet.

Turistar kjem gjerne ikkje for å oppleva berre éin ting, det skal helst vera ein liten bukett av opplevingar på staden. Trogfjellstigen er alt ein viktig del av opplevinga rundt Elvarheim, og opplevingspakka kan utvidast. Mogleheitsstudien «Åmli elvesti» peikar på korleis området langs Nidelva på

vestsida kan utviklast til eit samanhengande og attraktivt friluftsområde, der Elvarheim inngår som ein sentral del av heilskapen.

Eit viktig poeng i studien er at området ved Elvarheim har eit særleg potensial som møteplass og knutepunkt. Det blir peika på at museet kan utviklast som eit naturleg stopp- og utgangspunkt for aktivitet, med betre tilrettelegging for opphald, leik og formidling. Tiltak som utvida parkering, betre tilkomst, leikeelement og opphaldsområde vil kunna gjera Elvarheim meir tilgjengeleg og meir brukt, både av fastbuande og tilreisande.

Samtidig viser studien korleis Elvarheim kan få ei sterkare rolle som landemerke. Forslag om lyssetting av bygget, betre synleggjering frå omgivnadene og integrering i eit større nettverk av stiar og aktivitetar langs elva, peikar mot eit meir levande og synleg museum. Ideen om å få på plass ein gigantisk bever som eit landemerke for Åmli er forfriskande, og knyter seg direkte til beverutstillinga i museet. Særleg blir det lagt vekt på at området kan utviklast til ein stad for både kvardagsbruk og oppleving, der kulturarv, natur og aktivitet blir kopla tettare saman.

I spørjeundersøkinga til kommunestyrepolitikarane, kom dette innspelet: «Kulturarven kan være med å bidra til økt synlighet for Åmli, dermed økt turisme, flere arbeidsplasser, økt tilflytting.» Elvarheim museum kan vera utgangspunkt for slike dominoeffektar, men for å ta ei rolle som monnar i det større samfunnsbiletet, trengst det å fornya og styrka museumsdrifta. Eitt grep er få opp aktivitetsnivået i samarbeid med andre, eit anna å vera ei positiv kraft i å løfta heile elveområdet – og i botnen av det heile trengst ein museumsorganisasjon som er i harmoni med seg sjølv og jobbar godt fagleg på alle punkt.

Ny organisering av Elvarheim museum

Organisering er ikkje berre eit administrativt spørsmål. Korleis Elvarheim er organisert, vil i stor grad avgjera kor mykje av potensialet museet faktisk klarer å ta ut som møteplass, kulturarena, læringsarena og reiselivsmål.

Slik det går fram i kapittelet om dagens organisering, står ting i vegen for at potensialet til Elvarheim blir tatt ut. I samtalane med representantane for museumsnemnda og museumsleiinga lokalt, kjem det fram sterke meiningar om kven som har skulda. Rapporten si oppgåve er å sjå etter organisatoriske og strukturelle endringar som kan bidra til å koma ut av dagens ugunstige situasjon, og som legg til rette for ein arbeidsstruktur og eit opplegg som i mindre grad skapar grobott for dei problema ein ser i dag.

Åmli har framleis ein styringsmodell som tidlegare var vanleg i museumssektoren. Mange lokale museum blei leia av eigne kommunale museumsstyrarar, ofte i små deltidstillingar, kombinert med lokale styre eller museumsnemnder og sterk lokal drift. I åra rundt 2000 konkluderte dei statlege styresmaktene at det var ei utfordring med den store mengda enkeltståande museumseiningar. Mange museum var små, lite koordinerte og sårbare fagleg og økonomisk. Museumsreforma blei sett i gang utover 2000-talet, og sidan har mykje av museumssektoren blitt konsolidert inn i større museumsorganisasjonar, der fagansvar og arbeidsgivaransvar i større grad er samla på éin stad. I mange tilfelle har dette ført til at kommunale museumsstillingar er overførte til dei konsoliderte musea, eller at kommunen i staden gir driftstilskot til museumsverksemda.

Bakgrunnen for ei slik utvikling har mellom anna vore ønskje om meir profesjonell museumsdrift, sterkare fagmiljø, tydelegare ansvarslinjer og meir robuste organisasjonar. Samtidig har ein ønskt betre samlingsforvaltning

og mindre personavhengig drift. Ei slik organisering betyr ikkje nødvendigvis at kommunen «mistar» museet. Det vanlege er at kommunen framleis eig bygg og samlingar, medan det konsoliderte museet står for drifta. Lokal frivillighet, museumsnemnder og anna lokal medverknad held ofte fram som viktige delar av museumsarbeidet.

Når lokale museum blir del av større museumsorganisasjonar, kan det skapa spenningar mellom lokal eigarkjensle og sentral fagleg styring. Mange konflikthar i museumssektoren handlar difor ikkje berre om økonomi eller organisasjonskart, men om identitet, autonomi og ulike syn på kva som er godt museumsarbeid. Dette er relevant for Elvarheim. Museet spring ut av lokale initiativ, lokal innsats og sterk eigarkjensle. Samtidig har det sidan 2009, altså om lag halve levetida si, vore kopl til det større museumsfellesskapet i AAs/AAMA.

Kommunar slår seg saman, verksemdar fusjonerer. Stundom kan det synast som det er ei naturlov som seier at små einingar skal slå seg saman til større. Den lova finst ikkje, men det er drivkrefter, også i den norske museumspolitikken, som legg eit press i denne retninga og som set spelereglar. Å vera ein del av eit konsolidert museum skal løna seg på fleire vis:



Fagleg: Det er utvilsamt ein annan situasjon å vera del av eit profesjonelt fagmiljø enn å stå utanfor. Innanfor må ein forventa lettare tilgang på hjelp til drift, samlingsarbeid, formidling og vidare utvikling av museet. Det gir fleire menneske å spela fagleg og kollegialt saman med. Ein vil også vinna på det som er eit av dei viktigaste punkta i ei verksemd: rekruttering. Det vil som regel vera meir attraktivt å søkja seg til eit større og sterkare fagmiljø.

Økonomisk: I noko grad favoriserer statleg og regionalt nivå museum som er del av dei konsoliderte museumsordningane. Det er til dømes først og fremst som del av eit konsolidert museum ein har tilgang til fleire statlege støtteordningar og utviklingsmidlar retta mot museumssektoren. Samtidig kan det vera stordriftfordelar ved å dela ressursar, kompetanse og oppgåver i ein større organisasjon.

Tilknyttinga til AAma er ein nøkkel når me skal sjå på ein ny struktur for Elvarheim museum vidare. Vegval på dette punktet, og andre punkt, ser ut til å vera motivert av ein god vilje for museet. Spørjeundersøkinga blant dei folkevalde i Åmli viser brei oppslutning om kulturarvsarbeidet og at Elvarheim museum har stor lokal verdi. Det som er av ulike syn handlar hovudsakleg om korleis arbeidet best kan organiserast.

Om ein skal oppsummera dei tre hovudaktørane sine ønske for kva rolle dei vil spela i den framtidige museumsdrift, vil det vera om lag slik:

Museumsnemnda ynskjer framleis ei sterk rolle, men er innstilt på å innretta seg etter det som samla sett gir den beste utviklinga for museet. Det er museet sitt ve og vel som er hovudsaka, ikkje nemnda sin posisjon.

AAma er innstilt på å kunna ta ei meir aktiv rolle for å kunna utøva det ansvaret AAma alt har etter avtalen, altså det overordna ansvaret for

museumsdrifta. Det føreset ei organisatorisk opprydding. Det er i dag ikkje samsvar mellom dei forventingane ein vil kunna ha ut frå avtalen, og dei ressursane som er stilt til rådvelde for AAma, slik at det også må gjerast noko med dette.

Museumsstyrar og kommuneadministrasjonen elles ønsker ei rydding i roller og ein tydelegare struktur i museumsdrifta, og det er interesse for at kommunen kan gå ut av den operative delen av museumsdrifta. Det er merksemd på at rolle- og ansvarsfordelinga mellom dei tre aktørane rundt museet ikkje framstår som tydeleg. Museumsstyraren arbeider etter avtalen under instruks frå både kommuneadministrasjonen og AAma, samtidig som museumsnemnda i praksis også har ei styrande rolle.

Spørjeundersøkinga blant kommunestyrepolitikarane viser at det er brei støtte til kulturarvsarbeidet og stor verdi knytt til Elvarheim museum. Fleire peikar på at kulturarven kan bidra til både identitet, aktivitet, turisme og lokal utvikling. Samtidig er mange usikre på kva organisatoriske grep som vil vera best, noko som kan tyda på at behovet for ryddigare struktur ikkje først og fremst handlar om mangel på vilje eller engasjement, men om at dagens modell er vanskeleg å forstå og handtera.

Blant informantane peikar nokre på moglegheita for å samla Elvarheim museum, Åmli bygdetun og Koppåsna kulturminne i ein felles organisasjon eller struktur. Tanken bak er at ein gjennom tettare samordning kan skapa sterkare samarbeid, meir samla formidling og betre utnytting av frivillige ressursar og kompetanse. Samtidig vil eit så omfattande grep kunna vera organisatorisk krevjande og føresetja både tydelege avklaringar og brei lokal semje. På kort sikt framstår det meir realistisk å utvikla tettare samarbeid og felles retning mellom aktørane enn å samla alt i éin organisasjon.

Det er ikkje sterk etterspørsel etter heilt nye aktørar inn i sjølve museumsdrifta. Det som blir uttrykt er behovet for tydelegare roller og betre organisering av samarbeidet mellom dei som alt er involverte. Elvarheim bør belaga seg på å trenga frivillig innsats i framtida. Mange museum har ei såkalla venneforeining som den viktigaste ressursen på den frivillige sida. Ei slik foreining har ikkje Elvarheim. Her står museumsnemnda som ein nøkkel mellom ulike frivillige lag/ressurspersonar og den profesjonelle museumsorganisasjonen. Nemnda er ikkje frivilligheit slik ein normalt ser det i museumssamanheng, men eit kommunalt oppnemnt organ. I framtida kan det tenkast at ein ny og nyttig aktør kunne vera ei venneforeining, som var dedikert til aktivitetsbasert arbeid i og for Elvarheim.

På bakgrunn av det samla materialet peikar det seg ut to hovudretningar for organisering av Elvarheim museum. Ingen av dei omfattar organisatorisk kopling med Åmli bygdetun og Koppsåna kulturminne. Sidan desse to er eigne stiftingar med ulike bakanforliggende vilkår, er det fornuftig å i første omgang utvikla det praktiske samarbeidet med desse.

Når rapporten no kjem med framlegg, er det i stor grad bygd på kunnskap og innspel som er kome frå informantane i utgreiingsarbeidet. Innspel frå avtalepartane Åmli kommune og AAma kjem frå personar med ulike roller i organisasjonane, og er ikkje formelt behandla hjå partane. Det er altså ikkje framforhandla alternative løysingar som blir lagt fram, men forhåpentleg realistiske framlegg frå ein ekstern og objektiv ståstad.

For ordens skuld bør det nemnast at det sjølv sagt er ei moglegheit å halda fram med dagens organisering, eventuelt med mindre justeringar. Dette er ikkje skildra her, sidan oppdraget går ut på føreslå ein ny organisatorisk infrastruktur. Utgreiingsarbeidet finn også at tida er moden for å gjera ei endring.

Dei to alternativa for ny organisering av Elvarheim museum kjem her i prioritert rekkefølge, følgt av ein del som peiker på ein justert retning for det vidare arbeidet med kulturarven i Åmli.

Alt. 1: Sterkare kopling til AAma, landa i ny avtale

Dette alternativet går ut på å laga ein ny avtale mellom Åmli kommune og AAma, der Elvarheim museum blir tydelegare integrert med AAma enn i dag. Målet er å skapa eit sterkare og meir aktivt museum, som tek ei endå tydelegare samfunnsrolle enn i dag, samtidig som organiseringa blir enklare og meir ryddig.

I dag er det i praksis tre hovudaktørar i museumsdrifta: den kommunale museumsleiinga ved museumsstyren, AAma og museumsnemnda. Framlegget inneber at kommuneadministrasjonen trekkjer seg ut av styring og operativ drift av museet, noko som har blitt ei vanleg utvikling i mange kommunar. Åmli kommunen delegerer drifta av det lokale museet til det regionale museet. Då står ein igjen med to hovudpartar: AAma og museumsnemnda. Dette er ei vesentleg forenkling av strukturen, og bør i seg sjølv kunna skapa tydelegare ansvarslinjer.

Løysinga inneber at den kommunale 30 % museumsstyrarstillinga blir avvikla, og at ressursane i staden blir overførte som eit driftstilskot til AAma. Museumsleiarfunksjonen blir då lagd til AAma, og er dermed fullt ut del av det faglege og kollegiale miljøet der. Dette vil gje Elvarheim tettare kopling til eit større museumsfagleg miljø og meir robuste ordningar rundt museet. Korleis AAma konkret bør organisera museumsleiarfunksjonen, er ei avklaring som kan takast når det skal lagast ein ny avtale.

Ei slik løysing vil også gjera det lettare å rekruttera museumsfagleg kompetanse. Viss ein ønskjer søkjarar med relevant museumserfaring og

fagbakgrunn til arbeid i Elvarheim, er det i utgangspunktet meir attraktivt å søkja seg til eit større og meir samla fagmiljø.

Alternativet inneber ikkje at Åmli kommune gir frå seg Elvarheim. Kommunen vil framleis eiga bygget og ha den endelege avgjerdsmakta i grunnleggjande spørsmål knytt til eigedomane og rammevilkåra for museumsdrifta. Samtidig gir kommunen den daglege styringa av museet over til AAma, i tillit til eit profesjonelt museumsmiljø. Dette bør kommunen kunna gjera med tryggleik, og samtidig sjå det som ei naturleg flytting av den operative museumsleiinga til ein aktør som har museumsdrift som hovudoppgåve.

Museumsnemnda skal framleis ha ei viktig rolle som lokal ressurs, rådgivar og bindeledd til lokalsamfunnet. Samtidig må rolla bli tydelegare avklart som rådgivande og aktivitetsretta, ikkje styrande. Dette er nødvendig for å unngå at fleire partar skal ta avgjerd på dei same spørsmåla samtidig. Det kan vera naturleg å vurdere om museumsnemnda bør gå frå å vera eit kommunalt oppnemnt organ til å få ei rolle direkte knytt til AAma. Oppnemning av medlemmer kan gjerast av fleire partar, og både Åmli kommune- styre og styret i AAma bør vera blant desse. Dette punktet kan ein eventuelt gje litt tid, og gjennomføra på eit seinare tidspunkt.

Alternativ 1 er både ei organisatorisk opprydding og ei satsing, og det vil vera økonomiske konsekvensar. Å omgjera den 30% ressursen til dagens museumsstyrarstilling til driftstilskot til AAma, vil i stor grad vera ei omdisponering av eksisterande ressursar, sidan den frigjorte delen av kulturstillinga samtidig vil kunna nyttast til andre oppgåver i kommunen. Dette tilskotet vil føya seg til dagens rammetilskot til AAma, men det bør i tillegg

ligga inne eit økonomisk handlingsrom til å styrka museumsdrifta samanlikna med dagens nivå. Storleiken på dette må avklarast mellom kommunen og AAma.

Ei styrking av Elvarheim museum bør ikkje berre sjåast som ei styrking av sjølve museet, men også som eit tiltak for utvikling av Åmli som lokalsamfunn. Særleg på mindre stader kan eit levande og sterkt museum vera ei positiv og viktig kraft, og ofte med ei særleg tydeleg rolle overfor oppvekstsektoren og reiselivet.

Alternativ 1 ligg nær den strukturen som finst ved Eydehavn Museet, det andre såkalla tilknytta museet i AAma-systemet. Det er derfor ikkje snakk om ei uprøvd løysing, men om å rydda opp i organiseringa og vidareutvikla Elvarheim innanfor ein modell som alt er kjend.

Fordeler med alternativ 1:

- enklare og ryddigare organisering
- tre hovudaktørar blir reduserte til to
- tydelegare ansvar og mindre risiko for rolleblanding
- sterkare museumsfagleg miljø rundt Elvarheim
- betre vilkår for rekruttering av museumskompetanse
- tettare kopling til statlege støtteordningar og utviklingsmidlar
- meir robuste ordningar og mindre personavhengig drift
- Åmli kommune eig framleis Elvarheim
- museumsnemnda held fram som viktig kunnskapsressurs og lokalt bindeled

- betre grunnlag for å utvikla Elvarheim som aktivt museum, samfunnsaktør og ressurs for reiseliv, skule og lokal verdiskaping

Moglege ulemper ved alternativ 1:

- mindre lokal styring av den daglege museumsdrifta
- risiko for at Elvarheim blir mindre prioritert i ein større organisasjon
- auka kostnader
- enkelte kan oppleve større avstand mellom museet og kommunen

Alt. 2: Lokalt museum, utan formell kopling til AAma

Dette alternativet går ut på å avslutta dagens avtale med AAma og føra Elvarheim vidare som eit reint lokalt museum, utan formell tilknytning til det konsoliderte museumsmiljøet. Eit viktig utgangspunkt for alternativet er at dagens modell over tid har vist seg vanskeleg å få til å fungera godt nok. Det ser ut til å vera eit misforhold mellom ressursane AAma har til rådvelde og ansvaret ein samtidig er meint å ta for Elvarheim. Då kan det vera betre å skilja lag på ein ryddig måte enn å halda fram med ei ordning der forventingar og kapasitet ikkje samsvarar godt nok.

AAma kan framleis nyttast som rådgivar ved behov, men utan formell rolle i drift eller organisering. Sidan det fleire stader i rapporten er peika på utfordringar ved at kommunen står tett på den operative museumsdrifta, kan det i dette alternativet vera naturleg å vurdere om museet bør organiserast som ei eiga eining, til dømes ei stifting. Museumsnemnda kan då

vera utgangspunkt for eit styre eller anna lokal leiing av museet. Det vil også vera aktuelt å flytta museumsstyrarressursen ut av kommunen og over i ei slik organisering, men dette vil vera spørsmål som må vurderast nærare dersom ein ønskjer å gå vidare med alternativet.

Alternativet legg opp til sterk lokal eigarkjensle og stor lokal påverknad på utviklinga av museet. Det kan skapa ei tydelegare lokal samling rundt Elvarheim, og det kan vera lettare å mobilisera frivillig innsats når museet fullt ut blir opplevd som eit lokalt ansvar og prosjekt. Mykje av styrken til Elvarheim har historisk lege nettopp i lokalt engasjement, kunnskap og vilje til å leggja ned arbeid for museet.

Samtidig vil eit slikt alternativ stilla større krav til lokal kapasitet over tid. Utan den faste koplinga til eit større museumsfagleg miljø vil meir ansvar for drift, utvikling og fagleg arbeid liggja lokalt. Det vil derfor vera nødvendig med stabile ressursar, god organisering og eit langsiktig kommunalt engasjement dersom modellen skal fungera godt.

For kommunen kan alternativet på kort sikt bli noko rimelegare enn alternativ 1, sidan ein ikkje skal finansiera fast medverknad frå AAma. Samtidig vil det framleis vera nødvendig med eit føreseieleg driftstilskot til Elvarheim museum dersom ein ønskjer eit aktivt museum med utvikling over tid.

Siste avsnitt om eigarskap og kommunen si rolle som eigar vil vera det same som i alternativ 1.

Fordeler med alternativ 2:

- kommunen kan halda på styringa av museet, om kommunen ønskjer det

- museumsnemnda held fram som viktig kunnskapsressurs og lokalt bindeled, og kan ha ei styrande rolle
- sterk lokal eigarkjensle og lokal påverknad
- kan skapa ei tydeleg lokal samling rundt museet
- byggjer vidare på frivillig engasjement og lokal kunnskap
- mindre risiko for uklare ansvarslinjer mellom lokale og regionale aktørar
- kan bli noko rimelegare for kommunen enn alternativ 1
- Elvarheim kan utviklast meir på eigne lokale premisser

Moglege ulemper ved alternativ 2:

- meir sårbar drift over tid
- større avhengigheit av frivillig innsats og enkeltpersonar
- mindre tilgang til større museumsfaglege miljø og utviklingsarbeid
- svakare tilgang til statlege støtteordningar og faglege nettverk
- større ansvar lokalt for administrasjon, fagleg arbeid og vidare utvikling

Fangstmannen Aslak Harstveit, som gjennom si samling er ein sentral figur i Elvarheim museum si historie.



Tilråding

Begge alternativa er realistiske og gjennomførbare. Alternativ 2 vil kunna skapa sterk lokal samling rundt Elvarheim og byggjer vidare på mykje av den frivillige krafta og eigarkjensla som historisk har bore museet fram. Samtidig vil dette alternativet gjera museet meir avhengig av lokal kapasitet, enkeltpersonar og frivillig innsats over tid. Eit slikt museum vil i større grad måtta leva med avgrensa tilgang til større fagmiljø og offentlege støt-teordningar.

Alternativ 1 peikar i ei anna retning. Her er målet ikkje berre å halda oppe dagens museum, men å utvikla Elvarheim vidare som eit sterkare og meir aktivt museum for framtida. Dette alternativet gir ei langt ryddigare organisering enn i dag, samlar meir av ansvaret hos éin tydeleg museumsfagleg aktør, og plasserer Elvarheim tettare inn i det konsoliderte museumsmiljøet som norsk museumspolitik over lang tid har vore bygd opp rundt.

Utgreiinga tilrår alternativ 1.

Hovudgrunnen er ikkje berre at dette alternativet gir sterkare fagleg forankring, men at det samla sett ser ut til å gje Elvarheim dei beste føresetnadene for vidare utvikling. Alternativet vil kunna skapa eit meir robust museum, med betre vilkår for rekruttering, sterkare tilgang til utviklingsmidlar og meir kapasitet til formidling, samarbeid og vidare satsing. Samtidig blir den lokale forankringa teken vare på gjennom eigarskapen til kommunen og den vidare rolla til museumsnemnda.

Utgreiinga meiner også at alternativ 1 vil kunna gje Åmli meir igjen for museet sitt. På mindre stader kan eit aktivt museum spela ei viktig rolle langt utover sjølve museumsverksemda — innan skule, reiseliv, arrangement, lokal identitet og synleggjering av kommunen. Dersom Elvarheim skal



Elvarheim har vore Åmli si storstove, og kan utviklast vidare.

utviklast vidare i ei slik retning, talar mykje for at museet treng både sterkare organisering og tettare kopling til eit større museumsfagleg miljø.

Samtidig er det viktig å understreka at alternativ 1 ikkje vil fungera godt utan lokal tillit, lokal medverknad og framleis frivillig engasjement. Eit museum som Elvarheim kan ikkje drivast godt berre ovanfrå. Noko av styrken til museet ligg nettopp i den lokale kunnskapen, innsatsen og eigarkjensla som finst rundt det.

Før det skal takast avgjerd om vegen vidare, eventuelt med val av alternativ 1 eller 2, vil det vera nyttig å setja opp ei avgrensa arbeidsgruppe med representantar frå kommunen, AAmo og museumsnemnda som saman ser på detaljar som kan vera viktig kunnskap i ei politisk behandling i Åmli kommune og styrebehandling i AAmo. Det vil vera spørsmål som om kva økonomi AAmo treng for at alternativ 1 skal vera aktuelt for dei del, korleis AAmo ser for seg å organisera ein museumsstyrarfunksjon, kva konkrete oppgåver og funksjonar museumsnemnda kan og bør ta på seg ved dei ulike alternativa, m.m. Gruppa kan også få i oppdrag å arbeida fram forslag til ny avtale når eit alternativ er politisk avgjort. Dette etterarbeidet er viktig, og bør få tilstrekkeleg tid.

Justert retning for arbeidet med kulturarven i Åmli

No har me sett på struktur og organisering. Men spørsmål om organisering heng også saman med kva slags kulturarv ein ønskjer å løfta fram og utvikla vidare. Ei god og inspirert museumsdrift vil ha nytte av å friska opp tanken om kva Åmli sin kulturarv er.

Ein må ta grep for å gjera kulturarven relevant for heile breidda av innbyggjarar i Åmli. Ein nøkkel er å utvida forståinga av kulturarv med å ta på alvor at dette er noko som blir skapt kontinuerleg, og som også skal reflektera det samfunnet Åmli er i dag.

Det handlar ikkje om å tona ned den tradisjonelle kulturarven. Tvert om. Det vil framleis vera heilt avgjerande å ta vare på dei lange linjene i historia til Åmli, og å formidla kunnskap om skogbruk, fangstkultur, handverk,

gardsliv, folkemusikk, fløyting, byggeskikk og andre grunnleggjande delar av lokalsamfunnet si utvikling. Elvarheim museum, Åmli bygdetun og Koppsåna kulturminne er alle viktige berebjelkar i dette arbeidet. Samtidig må kulturarvsarbeidet vera i kontakt med samtida dersom det skal opplevast relevant og levande.

Spørjeundersøkinga blant dei folkevalde viser at mange ikkje berre ser kulturarven som noko ein skal ta vare på, men også som ein mogleg ressurs for aktivitet, synleggjering og lokal utvikling. Fleire peikar særleg på potensial knytt til reiseliv, møteplassar og formidling til barn og unge.

Ein del av informantane peikar på at kulturarven i Åmli stundom blir presentert litt for smalt og litt for bakoverskuande. Det kan skapa avstand, særleg for yngre innbyggjarar og for folk som ikkje kjenner seg direkte heime i dei tradisjonelle forteljingane. Skal kulturarven ha kraft i framtida, må fleire kjenna at dette også handlar om dei sjølv og dei liv. Då må ein våga å opna opp for fleire uttrykk og fleire historier.

Det kan handla om å løfta fram frivillige kulturmiljø som ungdomslag og kristne foreningar, eller nyare kulturuttrykk som volleyball, motormekking og



musikkliv. Det kan også handla om å synleggjera korleis Åmli har blitt eit meir mangfaldig samfunn. Dei kulturelle bidraga frå mellom andre karenar er ikkje noko som kjem på sida av Åmli sin kulturarv. Over tid blir dette ein del av den samla historia om bygda. Dersom kulturarvsarbeidet skal spegla verkelegheita i dagens Åmli, må slike erfaringar og uttrykk få ein naturleg plass.

Her ligg det også eit potensial for Elvarheim museum. Museet kan vinna på å tydeleg utviklast som ein stad der fortid og samtid møtest. Det betyr ikkje at ein skal laga tilfeldige eller trendy utstillingar, men at ein aktivt spør kva som formar identitet, fellesskap og kvardagsliv i Åmli i dag. Hatten til Jonas Alaska er eit litt leikent bilete på nettopp dette. Poenget er ikkje verken hatten eller trubaduren sjølv, men spørsmålet om kva og kven som blir oppfatta som ein del av forteljinga om Åmli.

Eit anna hovudpoeng er samarbeid. Kulturarvsarbeidet i Åmli er spreidd på fleire aktørar som kvar for seg sit på viktige ressursar og mykje kompetanse. Samtidig verkar samarbeidet mellom desse ofte å vera meir personavhengig enn strukturert. Det er behov for meir samordning og meir faste samarbeidsformer.

Konkret bør Elvarheim museum, Åmli bygdetun og Koppåsna kulturminne kopla seg sterkare saman. Dette kan skje gjennom samarbeidsavtalar og samarbeidsrutinar, mens ein på lengre sikt kan sjå på om dei også organisatorisk kan smeltast saman. Det er ikkje nødvendig at alle blir ein del av same organisasjon, men ein bør i større grad opptre som delar av eit samla kulturarvstilbod. For publikum er det i mange tilfelle lite viktig kvar dei organisatoriske grensene går. Det viktige er at tilboda heng saman og styrkar kvarandre.

Særleg innan formidling og aktivitetar ligg det store moglegheiter. Musea og kulturminna kan samarbeida om opplegg for skule og barnehage, om arrangement og om marknadsføring. Det kan også utviklast tettare samarbeid mellom frivillige lag, reiselivsaktørar og oppvekstsektoren. Kulturarv blir sterkast når han er i bruk og inngår i levande samanhengar.

Det ligg også eit potensial i å meir aktivt bruka museum og kulturminne i lokal verdiskaping, med særleg satsing mot reiselivet. Åmli har ikkje eit kulturhistorisk innhald som er mindre interessant enn mange andre stader som har lukkast godt med små museum og kulturmiljø. Her kan Elvarheim spela ei viktig rolle som inngangsport til kulturarven i kommunen.

Moglegheitsstudien «Åmli elvesti» viser at det finst spennande tankar om korleis området rundt Elvarheim kan utviklast vidare. Dersom ein klarer å kopla museum, elverom, møteplassar, aktivitetar og formidling tettare saman, kan Elvarheim få ei sterkare rolle både for fastbuande og tilreisande. Det handlar ikkje berre om aukande besøkstal, men om å skapa meir liv, større synlegheit og sterkare tilknytning til staden.

I botnen av dette ligg eit ganske enkelt spørsmål: Kven er kulturarven til for? Dersom svaret skal vera «for alle», må fleire kjenna seg inviterte inn. Då må kulturarvsarbeidet ta vare på det gamle og samtidig vera ope for det som er i ferd med å bli historia om Åmli i vår eiga tid.

Oppsummering

Utgreiingsarbeidet har vist at Elvarheim museum har stor verdi som kulturinstitusjon, møteplass og identitetsberar i Åmli. Samtidig er dagens organisering prega av uklare roller og ansvarslinjer, noko som over tid har skapt samarbeidsvanskar og gjort det krevjande å utvikla museet vidare. Det er brei semje om at noko bør endrast, sjølv om synet på både utfordringar og løysingar varierer.

Rapporten peikar på to hovudalternativ for ny organisering av Elvarheim museum. Det første, og tilrådte alternativet, er ei sterkare integrering med AAmå gjennom ny avtale, der AAmå får ei meir tydeleg rolle både fagleg og praktisk. Dette inneber mellom anna at museumsstyrarfunksjonen blir flytta frå kommunen til AAmå, og at museumsnemnda får ei klarare rådgivande og aktivitetsretta rolle. Alternativet vil gje sterkare fagleg forankring og betre samsvar med nasjonale museumspolitiske føringar, og inneber ei satsing som bør resultera i at Åmli får meir igjen for museet sitt.

Det andre alternativet er å føra Elvarheim vidare som eit reint lokalt museum utan formell tilknytning til AAmå. Då må lokale aktørar ta fullt ansvar for drift og utvikling, truleg gjennom ei eiga stifting eller liknande organisering. Dette alternativet vil kunna styrka den lokale eigarkjensla, men vil også gjera museet meir avhengig av frivillig innsats og meir sårbart både fagleg og økonomisk.

Utgreiinga løftar også fram ei mogleg ny retning for kulturarvsarbeidet i Åmli, der kulturarven blir forstått breiare og meir levande enn han



tradisjonelt har blitt. Tanken er ikkje å tona ned den tradisjonelle kulturarven, men å leggja til fleire uttrykk og forteljingar som kan skapa nytt engasjement og sterkare tilknytning, særleg blant yngre og nye grupper i lokalsamfunnet. Elvarheim museum, Åmli bygdetun og Koppsåna kulturminne blir i denne samanhengen peika på som naturlege tyngdepunkt i eit tettare samarbeid om formidling, aktivitetar og opplevingar.

Samla peikar utgreiinga mot at Elvarheim museum har potensial til å ta ei større rolle i Åmli enn i dag. Med klarare ansvarslinjer, sterkare fagleg forankring og tettare kopling til lokalsamfunnet, kan museet vera både møteplass, kunnskapsarena og formidlar av historia om Åmli – i fortid, notid og framtid. Ei styrking av Elvarheim bør derfor også sjåast som eit bidrag til utviklinga av lokalsamfunnet.

KJELDER OG INFORMASJON

Arkiv- og museumsstrukturen i Agder (2024), Rapport

Artikkel «Museumsreformen. Kultivering, konsolidering og konflikt» (2022) i Norsk museumstidsskrift. Av Telemarksforskning - Nanna Løkka, Ole Marius Hylland.

Avtale mellom Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS og Åmli kommune (2008)

Avtale mellom Aust-Agder museum og arkiv (AAMA) og Åmli kommune om drift av Elvarheim museum (2016)

Et godt varp (2014-2017) - Strategi for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder, Aust-Agder fylkeskommune

Framtid med fotfeste - - Klima- og miljødepartementet St. meld. 35 (2012-2013)

ICOM museumsetisk regelverk og museumsdefinisjon

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø i Åmli kommune (2020-2024)

Leve med kulturminner – Klima- og miljødepartementet St. meld. Nr. 16 (2004-2005)

Musea i samfunnet – Kultur- og likestillingsdepartementet Meld. St. 23 (2020-2021)

Museumsplan for Åmli kommune (2004-2008)

Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Klima- og miljødepartementet St. meld. Nr. 16 (2019-2020)

Stiftelsen Koppsåna, vedtekter

Stiftelsen Åmli bygdetun, vedtekter

Åmli elvesti, mulighetsstudie (2025) Trollvegg/Åmli kommune

Ulike arkivkilder fra Åmli kommune og fra Kuben/Aust-Agder museum og arkiv

Referansegruppa

Desse har gjennom samtalar bidrege i utgreiingsarbeidet:

Aust-Agder museum og arkiv (AAma): Hind Helene Harira (leiar Setesdalsmuseet), Ellen Aslaksen (direktør AAma), Hilde Jomaas (leder Museumsavdelingen AAma), Hanne Line Hvalby (bestyrer Eydehavn Museet)

Åmli kommune/den kommunale museumsleiinga: Lise Lotte Fogh Johansson (museumsstyrar Elvarheim), Inge-Egil Hauge (kommunedirektør), Anne-Kristine Brandsdal (einingsleiar samfunn), Elin Sollmann (representant oppvekstsektoren), Kateryna Kalchenko (saksbehandlar, resepsjonist). Frå politisk Hans Fredrik Tangen (ordførar), og gjennom spørjeundersøking medlemene i kommunestyret.

Museumsnemnda: Olav Vehus (leiar), og medlemene Anne Tone Aanby og Silje Flåstøyl.

Agder fylkeskommune: Rune Holbek (seniorrådgivar)

Stiftelsen Åmli bygdetun: Kari Hagelia Olstad (leiar)

Stiftelsen Koppåna kulturminne: Aslak Eppeland (leiar)

Åmli turistforum: Barbro Hillestad (leiar)

Rådet for eldre og funksjonsnedsatte: Turid Haugstøyl (leiar)

Ungdomsrådet: Sondre Sandhaug (leiar)

Åmli historielag: Anne Tone Aanby (leiar)

Draktgruppa til Åmli historielag: Anne Tone Aanby, Sigrid Bjørg Ramse, Bjørg Kleivene, Eldbjørg Breivik Smeland, Torild Fossnes, Ingvild Flottorp, Magnhild Peggy Jones Gilje

Åmli Frivilligsentral: Stine Rieffestahl (leiar)

Åmli ungdomslag: Kari Øy (leiar)

Åmli bygdekvinnelag: Ingeborg Aanby (leiar)

Folkeakademiet: Anne Berit Råbu-Steinkleiv (leiar)

I tillegg ressurspersonar i Vest-Telemark museum, Østfoldmuseene, Norges Museumsforbund, gjester på Åmli Bakeri & Kafé, tidlegare medlem i museumsnemnda, Charlotte Aaser, og tidlegare kultursekretær/museumsstyrar for Elvarheim, Tonje Ramse Trædal.



Utgreiinga og rapporten er utført på oppdrag frå Åmli kommune.